

Rapport – barnehagestruktur i Øystre Slidre kommune

Levert rådmannen 1.11.2019

Innhold

Innleiing	3
Dagens barnehage i Øystre Slidre	4
Noverande barnehagestruktur	4
Fødselstal de siste åra.....	6
Opningstid	7
Vurdering av dagens struktur og kapasitet	7
Framtidas barnehage i Øystre Slidre – barnetal, eksterne rammer og kvalitet.....	9
Barnetal framover.....	9
Omrekning tal barn og tal plassar	9
Kvaliteten på barnehagetilbodet.....	11
Framtidig behov for barnehageplassar	13
Økonomiske rammer for drift av barnehagane.....	13
Vurderinger knytt til framtidig struktur.....	15
Kapasitet.....	15
Kvalitet.....	15
Framtidig struktur.....	15
Vurderinger knytt til privat kontra kommunal drift	15
Løysingar.....	16
Risikovurderinger.....	17
Nybygg midt i kommunen.....	17
Tingvang	18
Bustadområdet i Heranglie - Furstrand.....	18
Nybygg på Heggebø.....	18
Økonomiske vurderinger	18
Økonomiske konsekvensar knytt til alternativ 1	18
Økonomiske konsekvensar knytt til alternativ 2	19
Totalvurdering av dei to ulike hovedalternativa.....	19
Oppsummering	20

Innleiing

Rådmann har satt ned ei arbeidsgruppe for å vurdere korleis Øystre Slidre kommune si organisering av barnehagane skal vere i framtida. Arbeidsgruppa skal utarbeide eit forslag til struktur på dei kommunale barnehagane basert på behov for kapasitet på barnehageplassar, tilgjengelegheit for familiene med barnehageborn (m.a. fysisk plassering av barnehagane, opningstid på dagen og gjennom året).

Ein føresetnad er at barnehagetilbodet skal vere likeverdig i heile kommunen og basert på gjeldande lovar og reglar som er styrande for barnehagar i Noreg og målsettingar som ligg i gjeldande planverk for Øystre Slidre kommune.

Arbeidsgruppa skal legge fram sine forslag og vurderingar innan 1.11.2019. Arbeidsgruppa sine forslag og vurderingar skal høyrast i aktuelle fora før kommunestyrebehandling i møtet 19.12.19.

Arbeidsgruppen har bestått av:

Anne Kari Gjerdalen, styrar Rogne barnehage
Marit Synnøve Opheim Østli, styrar Beito og Tingvang barnehagar
Wenche Kolstadbakken, HTV Delta
Jorunn Onstad, HTV Fagforbundet
Tone Klevrud, HTV Utdanningsforbundet
Rolf Stalengset, kommunalsjef

Dagens barnehage i Øystre Slidre

Noverande barnehagestruktur

Det er 4 barnehagar i Øystre Slidre kommune. Kommunen driv Beito barnehage, Tingvang barnehage og Rogne barnehage. Heggebø friluftsbarnehage SA er privat.

Øystre Slidre har full barnehagedekning, alle barn som det vert søkt plass til, får dette. Kommunen har fortløpende inntak i barnehagane gjennom heile året, men med eit hovudopptak om våren. Opningstida i alle barnehagane er kl. 07.00 – 17.00.

Tabellen nedanfor viser tal plassar i barnehagane:

Barnehage	Plassar
Rogne barnehage	110 plassar
Tingvang barnehage	40 plassar
Beito barnehage	55 plassar
Heggebø friluftsbarnehage	36 plassar
Godkjente plassar i kommunen	241 plassar

Tabellen nedanfor syner noko meir detaljer for kvar barnehage:

Barnehage	Tal avd.	Bemanning (årsverk)	Administrasjons-ressurs (årsverk)	Merknad
Rogne	3	12,2	1,0	
Tingvang	2	6,0	0,8	Styrarressursen er fordelt mellom styrar 0,4 og 0,4 årsverk assisterande styrar
Beito	2	10,0	1,0	Styrarressursen er fordelt mellom styrar 0,6 og 0,4 årsverk assisterande styrar
Sum kommunale barnehagar	9	28,2	2,8	
Heggebø	1	5,5	0,6	

Beito barnehage er ein moderne barnehage med lokaler bygget for barnehagedrift. Barnehagen var ferdigstilt i 2005. Bygningen er planlagd for å kunne utvidast med ein 3. avdeling. Barnehagen ligger midt i naturen. Det er gode muligheter for å sove ute på egen overbygget terrasse beregnet for dette. Uteområdet er bra, og barnehagen har egen lavvo. Rett utenfor barnehagen er det variert turterreng med bekk, fiskevann og skiløype, samt et byggefelt i gåavstand. I innspill frå medlemsmøte til fagforeiningene kjem det fram at det trengs betre arbeidsrom og større personalgarderobe, i tillegg til at det gjerne skulle vært grupperom til å arbeide med mindre grupper barn.

Frå medlemsmøtet hos fagforeiningane kjem det innspel om at barnehagen har en hensiktsmessig størrelse på 55 plasser.

Rogne barnehage vart teken i bruk i 2015 og er den største i barnehagen i kommunen. Det er gode muligheter for naturopplevelser med leikeplass, skileik, idrettsanlegg, skole med gymsal, flere gårder, fjord og skog (to ulike gapahuker) i gåavstand. To byggfelta ligger også i gåavstand. Barnehagen har eget vannleikerom, puterom, dramarom, leserom og andre grupperom.

Barnehagen har gode arbeidsplassar og garderobeforhold for dei tilsette.

Fra medlemsmøtet hos fagforeiningane kjem det innspel om at kjøkkenet er stort og godt, stellemulighetene for de minste barna er bra og det er gode muligheter for å sove ute (soveskur). Det mangler gode stellemuligheter for de eldre barna, gangene og garderobene er for små, og uteleikeområdet mangler variert terreng. Fagforeiningane sitt medlemsmøte meiner barnehagen er for liten hvis alle plassene skal fylles opp. Med dagens barn, rundt 70 plasser oppfylt, oppleves barnehagen som nesten full (det er 0-3 årsavdelingen som i all hovedsak har ledige plasser).

Fra barnehageeigar si side er det slik at dimensjoneringa av barnehagen er satt ut fra normer for areal. Dimensjoneringa er set som det tal plassar som kan nyttas ut fra arealmessige hensyn. Kor skjæringspunktet går mellom tal plassar og ynskja kvalitet på tilbodet er avhengig av fordeling av barne på avdelingar, romløysingar og anna type organisering av tilbodet.

Tingvang barnehage er bygd i 1983 og utvida ved at ein i 1995 tok i bruk kjellaren. Dei tilsette har fått tilrettelagt eit arbeidsrom i 2019. Barnehagen har manglar garderobe for dei tilsette. Bygningsmasse er gamal og slitt. Barnehagen manglar dagens standard på hele bygningsmassen. Barnehagen har eit flott uteområde men treng noko utbetring av nye leikeapparat og asfaltering. Barnehagen har avdelingar i to etasjer. Dette reduserar fleksibiliteten i bruken av personalet på tvers av avdelingane. Barnehagen er den eldste i kommunen og har et stort og variert uteområde.

I innspelet fra fagforeiningane sitt medlemsmøte blir det lagt vekt den har en unik beliggenhet der det er gåavstand til ein rekke aktivitetar og tilbod. T.d. skog (tre ulike plassar med gapahuk), to fjordar, Vinda og Stampefossen, idrettsanlegg, hoppbakke, skiløype, skytebane, skole med gymsal, svømmehall, skatepark, Gapahuken (ungdomshuset), bibliotek, fleire gardar, legekontor og fysioterapi. Dei tilsette peikar også på at barnehagen har mange samarbeidspartnarar i nærområdet; først og fremst Vindestogo (dagsenter for demente), men også Skogprodukt, sjukeheimen, ungdomsskolen, nærbutikken, bilverkstaden, kommunehuset og keramikkverkstaden Samt at kommunens sentrum, tre byggfelta og det nye Heranglie boligfelt ligg alle i gåavstand.


Heggebø friluftsbarnehage nyttar den tidlegare skulebygningen på Heggebø. Bygningen er gamal og ikkje bygd for moderne barnehagedrift. Uteanlegget er stort, godt opparbeida med mange alternativ for fysisk aktivitet og ligg nært naturen.


Fødselstal de siste åra



Tabellen ovafor syner tal fødte i Øystre Slidre kommune det sista åra.

Kapasiteten på barnehageplassar i kommunen er totalt 241. 241 plassar dekkjer det behov som oppstår med gj.snittleg fødte barn over tid er 32-33. Det ser ut til å bli 36 fødte i Øystre Slidre kommune i 2019.






183 av dei 241 plassane som er godkjente i kommunen vert nytta pr 1.1.2020. Beito barnehage vil på det tidspunktet vere full. Dei øvrige barnehagene har ledig kapasitet.

Opningstid

Opningstida er som nevnt 10 timer pr dag med start kl 0700 og stengning kl 1700. Oversikta nedanfor syner når barn blir levert og henta i barnahagane. Tabellen baserer seg på ein periode over nokre månader i alle kommunale barnehagar. Grafen syner at det helt ytterst i opningstidane er kun eit fåtal barn. Grafen syner totaltal for ei periode og det faktiske talet på den einskilde dag varierar.



Vurdering av dagens struktur og kapasitet

Struktur, kapasitet, opningstider på dagane og gjennom året på barnehagane i Øystre Slidre inneber stor grad av fleksibilitet for brukarane av barnehagane. Alle som søker barnehageplass får tildelt plass så og si på dagen gjennom heile året. Barnehagane har lange opningstider (10 timer om dagen) og er opne heile året. Brukarmönsteret varierar noko, men helt ytterst i opningstidane er det gjennomsnittleg få barn.

Fleksibilitet desse ulike ordningane fører med seg har ei anna side. Personalressursane må strekkas utover på dagane. Opptak gjennom året fører til mange innkjøringsperioder. Totalt sett vurderes fleksibiliteten slik at den reduserar kvaliteten på barnehagetilbodet når barna er i

barnehagen. Alternativa til fleksibiliteten vil vere å korte ned opningstida, avholde fellesferie og/eller ha inntak i barnehagene på fast(e) tid(er) på året. Konsekvensane av slike ordninger ville vere at personalressursene ville bli meir konsentrert og bemanningstettleiken auka i snitt den tida barna er i barnehagen. Barneetettleik og vaksentettleik blir såleis jamnere gjennom heile året.

Færre oppstartstidspunkter for barna gjennom året ville føre til konsentrerte innkjøringsperioder og meir stabile barnegrupper større deler av året. Samstundes vil for store samtidige oppstartsgrupper føre med seg stort trøkk både på barn og tilsette i oppstartsperiodane som heller ikkje vil vere heilt optimalt.

Barnehagane er i dag gjennom barnehagelova underlagt ein pedagog- og bemanningsnorm. Pedagognormen er slik utforma at når ein barnehage når ein grenseverdi på tal barn utløysar dette krav om ei heil ny pedagogstilling. Ein struktur med 4 barnehagar slik vi har i dag fører til at talet stader der denne mekanismen kan slå inn aukar med dei kostnadane det kan føre med seg.

I det store og heile er bemanninga i barnehagane styrt av tal barn. Slik sett er ikkje 4 barnehagar i teorien noko meir kostnadskrevjande enn t.d. 3 barnehagar. Forhold som nevnt ovafor med pedagognorm, ekstra leiarressurs i 4 framfor 3 einingar samt at det av og til må finnes praktiske løysingar på storleik på stillingar for å få dagane til å gå opp, gjer at ein struktur på 4 framfor 3 vil bli dyrare totalt sett økonomisk.


Det er ikkje skilnad på kostnadane ved drift av private kontra kommunale barnehagar. Dei private barnehagane skal ha tilskot basert på kostnadsnivået i dei kommunale barnehagane. Dette bidreg m.a. til å sikre grunnlag for likeverdig tilbod. Det avgjerande økonomisk sett er kostnadsnivået i dei kommunale barnehagane sett i saman med den totale strukturen på barnehagane.

Framtidas barnehage i Øystre Slidre – barnetal, eksterne rammer og kvalitet

Barnetal framover

Ved førre utgreiing knytt til barnehagestruktur i 2010 vart SSB sin framskriving middels nasjonal vekst nytta for framtidig barnetal. Den har vist seg å vera noko optimistisk. Nedanfor er framskriving for dei neste 10 åra vist med to ulike vekstalternativ. Dei to alternativa skil seg noko knytt til fødselstal og del innflytting/innvandring som er lagt til grunn.

Modellane skil naturleg nok ikkje mykje i tal dei fyrste åra. Ser vi på dei tre sista åra av perioden vi har henta tal for så skil behovet på 17-22 barnehageplassar.




Omrekning tal barn og tal plassar

Barn nytta to plassar i barnehagen fram til august i det året dei fyller 3 år. Frå same tidspunkt og ut barnehagetida nytta barnet ein plass. I bestemmelser som styrer barnehageområdet er det ofte begrepet plassar som vert nytta. Her fylgjer ein omrekningstabell som syner tal plassar med eit gjennomsnittleg fødselstal/stabilt barnetal gjennom perioden frå 1-5 år.

Tal barn på kvart årstrinn	Behov barnehageplassar 100% dekning	Behov barnehageplassar 95% dekning	Behov barnehageplassar 90 % dekning
20	150	143	135
25	188	178	169
30	225	214	203
35	263	250	236
40	300	285	270
45	338	321	304

Del barn med barnehageplass i Øystre Slidre kommune har variert dei siste åra mellom 84% og 94% ref tabell nedanfor. I 2016 og 2017 er del barn som har barnehageplass noko lågare enn 2015 og 2019. Orsaka til dette kan vere ei endring som kom i kontantstøtteordninga samt relativt stor

innvandring i ei kort periode. Del barn med minoritetsbakgrunn som har barnehageplass har auke i perioden fram til 2019. Det kan vere grunn til å tru at ca 90-95% er eit normaltal for del barn med barnehageplass og at 2016 og 2017 var unnatak med mogleg orsak som nevnt over.



I fylgje barnehagelova har barn som er fødde seinast innan utgangen av august rett på barnehageplass i kommunen innan utgangen av august året etter at barnet er fødd. Dersom barnet fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt, har barnet rett på plass innan utgangen av den månaden barnet vert født.

Rammeplan for barnehagen

Ny rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver trådte i kraft 1. august 2017, og er tydelegare når det gjelder barnehagens forpliktelser til et systematisk pedagogisk arbeid.

Rammeplanen gir føringer for hvordan eier, styrer, barnehagelærere og andre ansatte skal arbeide for at alle barn skal få et barnehagetilbud av høy kvalitet. Kvalitetsutvikling i barnehagen innebærer derfor en stadig utvikling av personalets kompetanse for å sikre realisering av rammeplanens intensjoner.

Verdigrunnlaget barnehagane skal basere si verksemeld på inneheld omgrep som barn og barndommens egenverdi, demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, bærekraftig utvikling og livsmestring og helse.

Rammeplanen seier vidare at "barnehagens innhold skal være allsidig, variert og tilpasset enkeltbarnet og barnegruppen. I barnehagen skal barna få leke og utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. Arbeidet med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal ses i sammenheng og samlet bidra til barns allsidige utvikling Barnehagen skal være en kulturarena hvor barna er medskapere av egen kultur i en atmosfære preget av humor og glede.

Barnehagens fysiske miljø skal være trygt og utfordrende og gi barna allsidige bevegelseserfaringer. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får muligheter til å delta aktivt i lek og andre aktiviteter, og slik at leker og materiell er tilgjengelig for barna."

Forslag til endringar i barnehagelova - Reglar om barnehagemiljø

I haust går det ei høring på forslag om endringar i barnehagelova. Føremålet med endringane er m.a. å sikre alle barnehagebarn eit trygt og godt barnehagemiljø. Forslaget inneheld omgrep som nulltoleranse, forebygge og aktivitetsplikt. Dei føreslalte regelendringane har klåre likheitstrekk med paragraf 9a i opplæringslova som skal sikre trygt og godt læringsmiljø i skulane.

Ny stortingsmelding om tidlig innsats og inkluderende fellesskap

Stortingsmeldingen om tidlig innsats og inkluderende fellesskap skal leveres høsten 2019.

Målet med meldingen er å forsterke arbeidet med tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehager og skoler, og gi alle barn mulighet til å lykkes uavhengig av sosial, kulturell og språklig bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjeller.

Kvaliteten på barnehagetilbodet

Ein god barnehage rustar barn til eit godt og meningsfullt liv som medmennesker og samfunnsborgarar. Barnehagane sitt viktige samfunnssoppdrag må gjenspeile at det vert satsa på kvalitet.

I følgje UDIR er barn sin trivsel og utvikling i barnehagen målet for alt arbeid med kvalitet i barnehagesektoren og syner til Barnehagelova og Rammeplanen for barnehagar. Både stadar står det at barnehagane skal ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Rammeplanen slår i tillegg fast at barndommen har ein eigenverdi. Kvalitet i barnehagen kan ein difor si handlar om eit godt leikemiljø, der barndommen sin eigenverdi gjennom leik, omsorg, læring og danning har fokus. Då Rammeplanen for barnehagar vart revidert i 2017 skulle den norske barnehagemodellen fortsatt ha fokus på barnet sine opplevingar og erfaringer med livet. Viktige verdier er trygghet, omsorg, vennskap, deltagelse i lek og læring, glede og uteliv.

PERSONALET

Forskning visar at personalet er den mest avgjerande faktoren for å sikre kvalitet i barnehagen, og de tilsette sin kunnskap, kompetanse og engasjement er avgjerande. Alle tilsette i barnehagen bør ha barnefaglig kompetanse, og mange nok og kompetente ansatte er den viktigaste faktoren for god kvalitet i barnehagen. For å sikre godt psykososialt miljø for alle, med tanke på for eksempel å forebygge, avdekke og stoppe mobbing, er det naudsynt med nok kompetent personale.

Forskninga leg vekt på dei tilsette sin evne til å skape ein relasjon med barna, gjerne nevnt som relasjonskompetanse. Relasjonen og samspelet med personalet må støtte barna si utvikling. Barnehagelova seier at bemanninga må være tilstrekkeleg for at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Den nasjonale bemanningsnorma i barnehagen er ein minimumsnorm uavhengig av barnehagenes åpningstid.

Forskning visar at det er ein klar samanheng mellom kvalitet og pedagogisk bemanning i barnehagen. Kravet om pedagogisk bemanning er også ein minimumsnorm, og kommunen si målsetting om 50% barnehagelærerdekkning er eit tiltak som synar eit ynskje om å styrke kvaliteten i barnehagene. Pedagognormen er 1 pedagog pr 14 plassar og bemanningsnormen er 1 voksen pr 6 plassar.

FORELDRE

God kvalitet er og avhengig av godt samarbeid mellom barnehage og foreldra. Barnehagane legg vekt på å etablere ein åpen og trygg dialog med foreldra, der alle foreldre opplever å bli sett, hørt og inkludert. Barnehagane må involvere foreldra i arbeidet både når det gjelder det enkelte barn og i sammenheng med barnehagen som et fellesskap. Sakar foreldrene bør bli involvert i kan være barnehagen sine satsingsområder og spørsmål knytt til drift og organisering. Foreldrerådet og samarbeidsutvalget er fora for å drøfte saker som er viktige for foreldra. Eit godt samarbeid mellom barnehage og foreldre blir kjennetegna ved en open og god dialog. Ved utarbeiding av kommunen si folkehelseoversikt sist gang vart foreldrekompetanse prioritert høgt.

OVERGANGAR

God tilvenning i overgangar er viktig for at barna skal få ein best mogleg start i sin nye kvardag. Dette gjelder særskilt for dei yngste barna, der barnehagen ofte er barna sitt fyrste møte med eit anna miljø utanfor heimen. Ein god start i barnehagen innebærer at barna sine individuelle behov blir ivareteke og der tilvenningen skje gradvis.

Ein god samanheng mellom barnehage og skule, vil gjere overgang frå barnehage til skule lettare. Derfor har vi en plan for overgangen som innebærer to besøk på skolene uavhengig av hvilken barnehage barna går i. For barn med spesielle behov blir denne frekvensen auka. Slik det er i dag er samarbeidet mellom barneskule og barnehage likt for alle barnehagane.

LEIK OG LÆRING

Barna sin moglegheit til leik må bli hegna om fordi leik har ein verdi i seg selv, og fordi den er viktig både som uttrykksform og som ein arena for å lære. Barn si læring og utvikling skjer gjennom leik, i leiken opplever barna glede og mestring og får ta del i eit fellesskap med andre. Leiken gjer barna erfaringar som både er viktige og som gjer at dei kan utvekle eigenskapar som gjer kompetanse på ulike utviklingsområdar.

Rammeplanen gjer rom for å sjå læring og utvikling som ein dynamisk prosess mellom barna sine relasjonar. Både formelle og uformelle læringssituasjoner er viktig i barnehagen. Ein god læringsarena vert kjennetekna av gode sosiale relasjonar og at barn får utvekle kompetanse i eit trygt miljø. Det psykososiale miljøet og barna sine oppleving av trivsel og tilhørighet er heilt grunnleggjande og naudsynte faktorar for barna sitt læringsmiljø.

PSYKOSOSIALT OG FYSISK MILJØ

Barnehagen må ha eit godt psykososialt og fysisk miljø som er trygt og utveklande for det einskilte barn. Barn som gjentatte gonger opplever negative hendingar i barnehagen, er avhengig av at dei vaksne er tilstade og at dei syner handlingskompetanse. Dei er prisgjeve dei vakse si evne til å sjå, tolke og handle. Forskning visar at mobbing i barnehagen fins. Det er viktig å setje fokus på mobbing som tema i barnehagen, og at dei tilsette må ha kompetanse på korleis forebygge, avdekke og stoppe mobbing. To av dei tre kommunale barnehagane i Øystre Slidre er med i eit toårig læringsmiljøprosjekt gjennom UDIR som set fokus på nettopp dette. Alle barnehagane, også dei som ikkje er direkte med i prosjektet, jobber med det same, men i noko mindre grad.

Storleiken på gruppene må ikkje vere større enn at det er mogleg for barna imellom og dei vaksne å samhandle med barna på ein god måte. Store grupper kan ha negativ effekt m.a. på dei yngste barna. Talet på barn i ei gruppe er og med og påverkar relasjonane mellom barna og mellom barn og vaksne. Forsking viser at gruppestorleik i barnehagen er den faktoren som hadde størst samanheng med barna sitt stressnivå. Store grupper er meir bråkete, byr på fleire høve til konflikt og til større konkurranser om ein avgrensa ressurs- nemleg det å bli sett og teken vare på av ein vaksen.

Barnehagane skal ha areal og utstyr nok til leik og varierte aktivitetar som fremjar allsidig erfaring med bevegelse/rørsle og sansing. Arealet skal vere slik at det gjev moglegheit til læring og meistring. Utforminga av det fysiske miljøet både ute og inne er viktig for korleis barnet trivest, lærar og opplever kvar dagen sin. Det er viktig å ta omsyn til at barn i ulik alder og med ulikt ferdighetsnivå skal bruke dei same areaala. Det må vere godt med tumlelass samstundes som det må vere plassar for ro og koncentrasjon. I utforminga av romma er det viktig å ta omsyn til støy, lys, gripehøgde og utsyn. For å kunne tilpasse ulike opplegg til barna er det viktig at arealet er slik utforma at barna kan delast i grupper når det trengst.

Barnehagane bør ha lett tilgang til naturen. Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremme forståing for naturen sin egenart og barna si vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til bærekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremmer evna til å orientere seg og oppholde seg i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få et mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan bli nysgjerrige på naturvitenskapelige fenomenar, oppleve tilhørighet til naturen og gjere erfaringar med bruk av teknologi og redskaper.

Framtidig behov for barnehageplassar

Tidlegere i dokumentet ligg oversikter som syner eit behov på mellom 200 og 225 barnehageplassar om vi legg til grunn eit gjennomsnittleg barnetal på 30 på hvert kull.

Det er knytt noko usikkerheit til korleis fordelinga av barn i barnehagane vil vere. Men det er rimeleg å rekne med at der det er lagt ut byggjefelt, vil det vere mest behov for barnehageplassar. Det kan sjå ut til talet barnehagebarn i byggefelta varierar i takt med generasjonssvingningar i dei som bur i felta.

I kommunen ligger det byggjefelt på Beitostølen, Beito, Heggenes, Tingvang, Moane og i Rogne. Eit nytt felt i Herangslie nær Heggenes samt tomter i Skammesteinsområdet er under planlegging. I Rogne barnehage er kapasiteten no godt utbygd til å ta innover seg ein ytterlegere auke i ynskje om plass der. Beito og Tingvang barnehager er jevnt over godt fylt opp. Det synes slik sett ut som om dei forutsetningane som vart lagt til grunn i 2010 framleis gjeld. I korte trekk sa den utgreiinga at det er behov for 3 kommunale barnehagar ein nord, ein midt og ein sør i bygda.

Storleiken på barnehagane bør vere slik at den sikrar at vi får eit godt fagmiljø for dei tilsette og at barna får eit rikt og variert sosialt miljø. Kapasiteten på barnehagane i i dag er 110 plassar i sør, 40 plassar i midt (76 inkl Heggebø) og 55 plassar i nord.

I utgreiinga frå 2010 la dei til grunn at barnehagar med ein viss størrelse (angjeve til 75 eller 110 plassar) vil ha ei bemanning som vil gje eit godt fagmiljø og store muligheter til å drive utviklingsarbeid og komptanseheving. Endringen i pedagognormen gjør at fagmiljøene når den storleiken, som er lagt til grunn i 2010, ved eit tal plassar på 50-60.

I barnehagar av denne storleiken vil det og vere muleg å drive meir fleksibelt slik at ein kan få til god tilpassa pedagogisk virksomhet. Det vil vere gode muligheter til å ha ei fleksibel organisering om andre forhold og ligg til rette for det.


Økonomiske rammer for drift av barnehagane

Drifta av barnehagar har dei siste åra vore finansiert med kommunale driftsmiddel og eigenbetaling. Eigenbetalinga er regulert gjennom reglar for maksimalsatsar. Kommunen dekkjer sine kostnadar gjennom rammetilskotet.

Kommunen nyttar makspris for eigenbetaling. Det er ordningar knyttet til redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid for dei familiene som har ei samla inntekt under ei satt grense. Pr nå er den grensa på ca 550 000 kr i samla hushaldningsinntekt.

Heggebø friluftsbarnehage får sitt tilskot basert på kommunen sitt kostnadsnivå på eigne barnehageplassar ganga opp med deira tal nytta plassar.

Nedanfor syner ei oversikt ressursbruken på barnehagane i Øystre Slidre samanlikna med Kostragruppe 2 og landet utan Oslo.



	2015	2016	2017	2018
Øystre Slidre	128 781	136 071	135 115	147 923
Kostragruppe 02	127 851	137 758	146 807	157 856
Landet uten Oslo	130 611	137 613	143 919	153 541

Vurderingar knytt til framtidig struktur

Kapasitet

Arbeidsgruppa meinar at tal barnehageplassar i kommunen totalt sett er stor nok. Framskrivinga av framtidig behov syner at kapasiteten vil dekkje behovet for plassar. For alternativet lav vekst vil kapasiteten ha relativt god klaring inn i mot år 2030.

Kvalitet

I arbeidet som vart gjort i 2010 var likeverdig barnehagetilbod på tvers av dei ulike barnehagane eit poeng. Arbeidsgruppa er av den oppfatning at dette er eit prinsipp kommunen må oppretthalde. Pr i dag er normar for bemanning, samarbeidet om kompetanseutvikling og retningsliner for barnehagetilboden slik at ein gjennomgåande kvalitet på tvers er mogeleg å følgje opp.

Uttfordringa knytt til likeverdighet er knytt til bygningsmasse og storleik på barnehagane. Det er til dels betydeleg skilnad på dei bygningsmessige forutsetningane mellom barnehagane. Rogne og Beito har tidsmessig standard og ei romløysing som gjer forhalda tilfredsstillande for både barn og tilsette. Tingvang og Heggebø har ein bygningsmessig standard som ikkje er på nivå med dei to andre barnehagane.

Skilnaden i storleik på barnehagane er også slik at fleksibilitet i organisering ikkje har dei same forutsetnadene. Rogne og Beito passerar den grensa i storleik som i 2010 vart lagt til grunn for en hensiktsmessig storleik knytt til fleksibilitet i organisering.

Arbeidsgruppa legg til grunn hensiktsmessig storleik ut frå hensynet til fleksibel organisering. Det er viktig å nemne at dette ikkje må bli lest som om kvalitet og storleik har ein samanheng.

Forskinga er ikkje eintydig på forholdet mellom storleik på barnehagen og kvalitet.

Framtidig struktur

Basert på dei forhald som er lagt til grunn ovafor vil ein struktur beståande av 3 barnehagar med ein storleik som totalt dekkjer behovet for barnehageplassar framover vere hensiktsmessig. Tek vi utgangspunkt i at Beito og Rogne har bygningsmessige forhald og ein storleik i tråd med det arbeidsgruppa, og arbeidet i 2010 legg til grunn, vil alternative løysingar for tilboden midt i bygda være kjerna i strukturvurderingane. Beito og Rogne dekkjer, ut frå den dimensjoneringa dei er bygde for, 165 plassar. Framskrivingane syner at det litt ut på 2020-talet vil vere behov for 220-230 plassar. Ein framtidig barnehageløysing midt i kommunen må difor dekkje eit behov på 55-65 plassar. Dette er ein storleik arbeidsgruppa legg til grunn er hensiktsmessig for ein barnehage.

Vurderingar knytt til privat kontra kommunal drift

Barnehagelova gjer anledning til å starte opp og drive privat barnehagedrift. Godkjente ikkje-kommunale barnehagar (med godkjenning før 2011) skal betales tilskudd til drifta slik barnehagelova og lova sine forskriftar beskriv. Kommunen har eit ansvar som barnehagemyndigkeit. Ansvaret består m.a. i å følgje opp om barnehagedrifta i både eigne og i private barnehagar følgjer lovar og regler for barnehageverksemda si.

Heggebø friluftsbarnehage er ein godkjent ikkje-kommunal barnehage. Tilskudd til Heggebø blir rekna ut frå kostnadane til kommunen sine eigne barnehagar. Tilskuddet blir gitt utfra tal plassar som blir nytta ikkje det tal plassar barnehagen er dimensjonert for. Økonomisk vil denne mekanismen gje grunnlag for eit likeverdig tilbod på tvers av kommunale og private barnehagar.

Løysingar

Kommunen har eit ansvar for å dekke behovet for barnehageplassar for sine innbyggjarar. Det er ikkje avgjerande om barnehagetilbodet er offentleg eller privat så lenge behovet for barnehageplassar blir dekt. Kommunen må gjere ei vurdering om den totale kapasiteten barnehageplassar skal sikras ved eigne kommunale barnehagar eller om den totale kapasiteten skal ta hensyn til den private delen av plassar. I det vidare vil vurderingane knytt til løysingar følge desse to spora:

1. Kommunen sikrer tilstrekkeleg kapasitet for barnehageplassar ved å ha kommunale barnehagar som aleine dekkjer behovet.
2. Kommunen sikrer tilstrekkeleg kapasitet for barnehageplassar ved at summen av kapasitet på kommunen sine barnehagar og Heggebø barnehage saman dekker det totale behovet.

Forutsetningen om et likeverdig barnehagetilbod på tvers av dei ulike barnehagane ligg fast.

Alternativ 1

Alternativet tilseier 220-230 kommunale barnehageplassar. Rogne og Beito representerar 165 plassar. Tingvang representerar 40 plassar. Totalt mangler 15-25 plassar på tilstrekkeleg kapasitet.

Arbeidsgruppa meinar at desse 55-65 plassane kan løysast gjennom å bygge ein ny barnehage midt i bygda.

Som tidlegare nevnt tilfredsstillar ikkje Tingvang barnehage bygningsmessige krav som blir stilt til barnehagebygg pr 2019. Vurderingar gjort av kommunen sin tekniske avdeling seier at opprusting eller oppgradering av Tingvang barnehage ikkje er ein aktuell løysing. Dei 55-65 som blir dekt midt i bygda kan bli bygd i Tingvang eller på ei anna tomt midt i bygda.

Alternativet vil representere ein overkapasitet totalt sett på tilgjengelege barnehageplassar i kommunen. Kommunale barnehagar 220-230 plassar + Heggebø 36 plassar gir totalt 256-266 plassar.. Dette gir stor grad av fleksibilitet for dei som treng barnehageplass og drifting av barnehagetilbodet i det daglige, men vil også medføre noko auka kostnadar knytt til lokalar. Kostnader knytt til drifta av det faglege tilbodet i barnehagane er styrt av bemannings- og pedagognormar. Overkapasitet bygningsmessig treng difor ikkje å gi auka kostnadar knytt til drifting av det faglege tilbodet.

Overkapasiteten kan ut frå eit kvalitetsmessig synspunkt sjåast på som mindre enn beskreve ovafor. Barnehagane Rogne og Beito er dimensjonert for hhv 110 og 55 plassar. Dette er basert på arealnormar. Den praktiske utforminga og romløysing ved barnehagane er slik at det må finnes kreative løysingar om en skal utnytte denne kapasiteten fullt ut. Beito har vært og vil nå i vinter utnytte heile kapasiteten. Da må m.a. personalinngangen nyttas til barnegarderobe og arbeidsrom for personalet er ikkje optimalt. I Rogne barnehage er ikkje kapasiteten vore fullt belagt enda, men ein ser at det ved full utnytting vil vere forhold som kvalitetsmessig ikkje blir optimale, herunder nevnes m.a. garderobeforhold.

Slik sett kan den reelle kapasiteten i dei to barnehagane vere lågere enn den arealbaserte dimensjoneringa. Det minnes her om at Beito barnehage opprinneleg var bygd for 36 plassar.

Alternativ 2

Alternativet tilseier 185-195 kommunale barnehageplassar i tillegg til dei 36 plassane i Heggebø. Pr i dag har kommunen totalt 205 plassar i sine tre barnehagar. Alternativet tilseier således en reduksjon av dei kommunale barnehageplassane. Reduksjonen kan gjerast på mange vis. Arbeidsgruppa legg fram to ulike alternativ:

- a) Nedlegging av Tingvang barnehage og nybygg av ei ekstra avdeling i Beito på 28 plassar.
- b) Nybygg i Tingvang barnehage eller anna stad midt i bygda med kapasitet 28 plassar med mulighet for å bygge ytterlegere areal om det blir naudsynt

Alternativ 2a

Alternativ 2a tek vekk eit tilbod midt i kommunen som er lett tilgjengeleg for dei som bur i Tingvangfeltet, Heggenesområdet, Moane og det nye bustadfeltet som blir planlagt i Heranglie. Tilgjengeleghet til barnehagetilbod blir langt mindre for dei aktuelle beboarar. Barnehagetilbodet for desse vil bli dekt i Heggebø og Rogne. Lengre reiseveg og til dels lite tilgang på mogleigheter for offentleg transport blir ei stor endring for noen foreldre. Alternativet gjer samtidig ein auka kapasitet i Beito for å ta unna det som tekner seg til å vere ei auka busetting i området som soknar til den barnehagen. Ut frå eit kriterie om tilgjengeleghet er dette eit alternativ arbeidsgruppa vurderar som lite aktuelt. Men det opprettheld relativt god storleik på dei gjenværande kommunale barnehagane.

Alternativ 2b

Alternativ 2b opprettheld eit barnehagetilbod tilgjengeleg for Tingvangfeltet, Heggenesområdet, Moane og det nye bustadfeltet som blir planlagt i Heranglie. 28 plassar er ein relativt liten barnehage og vil ikkje ha den storleiken som er lagt til grunn frå arbeidsgruppa si side når det gjeld hensiktsmessig storleik for ein barnehage. Arbeidsgruppa er einige om at dette alternativet ikkje er optimalt med omsyn til effektive og robuste driftsmessige forhold herunder gjennomføring av kompetanseutviklingsarbeid. Fleirtalet i arbeidsgruppa meiner at alternativ 2b ikkje er et reelt alternativ. Utdanningsforbundet derimot minner om at det ikkje er grunnlag for å si at små barnehagar har lågare kvalitet enn større barnehagar.

Risikovurderinger

Alternativ 1 gir en svært forutsigbar mulighet til å drive barnehagane og følgje opp dei mål som er sett for barnehageområdet. Alternativ 1 tilseier 4 ulike barnehageeininger slik tilbodet er i dag. Forutsigbarheten ligg i stor grad knytt til at kommunen utan behov for mellomløysingar vil ha kapasitet til å håndtere forventa etterspørsel etter barnehageplassar sjølv om Heggebø friluftsbarnehage skulle opphøre.

Omvendt vil det være om ein velger alternativ 2. I alternativet ligg det at kommunen ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å dekke forventa behov for barnehageplassar om Heggebø friluftsbarnehage skulle opphøre. Avgjerande for kommunen si evne til å ha tilstrekkelig tilgjengeleg barnehageplassar er tidsperioden frå kommunen får kunnskap om at barnehagen vil opphøre til faktisk opphør.

Nybygg midt i kommunen.

Arbeidsgruppa har ikkje gått i djuben på alternative plasseringar for barnehage midt i kommunen om det besluttes å bygge ny barnehage. Nybygg i Tingvang er eit alternativ. Andre alternativ kan vere knytt til nytt budstafdfelt i Heranglie, eller som har vore nevnt tidlegare på Furustrand nedanfor det nye helsetunet med dei positive effektane ein kan sjå for seg med "samlokalisering" med helsetunet. Raudbrøtmoen er eit anna alternativ som har mange god kvalitetar. For utgreiinga si del er det truleg viktigare å klargjere tidsmessige og andre praktiske konsekvensar knytt til å få på plass eit nybygg. Gåavstand og tilgjengelighet for offentleg transport er også eit kriterie vi må

legge vekt på. Tidlegare i rapporten er det beskrevet gode kvalitetar knytt til Tingvang si plassering. Mange av dei forholda som er nevnt i den beskrivelsen vil vere gyldig gode kvalitetar også for deg andre alternative plasseringane som er nevnt, Heranglie og Furustrand.

Tingvang.

Det er av plan/teknisk vurdert som mest hensiktmessig å benytte same plassering på tomta som eksisterande bygg står. Ved ev nybygg må barnehagen rivast og barnehageplassar må finnas andre stader i byggeperioden. Arbeidsgruppa har lufta moglegheiten for å bygge i utkanten av tomta slik at det i det daglege ikkje er anledning til å gå rundt bygget. Dette gir oversiktlegheit og betre driftsmessige forutsetningar. Slik sett kunne ein tenkje seg at noverandre barnehage kunne vere i drift parallelt med bygging av ny barnehage. Teknisk/plan seier at det risikomessig ikkje er tilrådeleg å drive byggearbeider så tett på ein barnehage i drift.

Bustadområdet i Heranglie - Furustrand

Ingen av områda er ferdig regulert med plass for barnehage. Heranglie som bustadfelt er ferdig regulert. Ein reguleringsprosess vil truleg ta ca 1,5 år frå oppstart av reguleringsplanarbeidet. Knytt til alternativet Furustrand er det eit tilleggselement knytt til jordvern som truleg vil krevje ekstra tid for å få på plass ein reguleringsplan om det skulle bli aktuelt.

Nybygg på Heggebø

Eit anna alternativ til nybygg midt i kommunen kan vere nybygg i Heggebø. Med same bakgrunn som å skulle tenkje nybygg på Tingvang, altså å heve bygningsmessig standard på eksisterande barnehagar slik at tilbodet på den sida kan reknast som likeverdig, kan nybygg i Heggebø vere eit alternativ. Alternativet vil ha eit par kompliserande forhold ved seg. Om kommunen bygger eit nytt bygg og det tenkast privat drift i bygget vil drifta måtte bli lyst ut som ein offentleg anskaffelse. Slik sett vil ein ikkje ha garanti for at drifta blir vidareført som ein foreldredrevet barnehage slik det er i dag. Alternativet vil også medføre lågare tilgjengeleghet for beboarer i dei områda det vil bu mest folk, Tingvang, Heggenes, Moane og Heranglie. Dette alternativet vil krevje bygging av ein barnehage med ca 60 plassar med dei kostnader som er knytt til det.

Økonomiske vurderingar

I dette kapittelet vil arbeidsgruppen forsøke å gjere greie for økonomiske konsekvenser av dei to ulike alternativa som er skissert i kapittelet "Løysingar" ovafor.

1. Kommunen sikrer tilstrekkeleg kapasitet for barnehageplassar ved å ha kommunale barnehagar som aleine dekkjer behovet.
2. Kommunen sikrer tilstrekkeleg kapasitet for barnehageplassar ved at summen av kapasitet på kommunen sine barnehagar og Heggebø barnehage saman dekkjer det totale behovet.

Økonomiske konsekvensar knytt til alternativ 1

Alternativ 1 vil bety ein ny barnehagebygning midt i kommunen med ein storleik på 55-65 plassar. Byggekostnadane for ein barnehage på denne storleiken vil ligge på vel 20 mill. Då er ein pris pr m² på 37-38 000 kr lagt til grunn.

20 mill vil føre med seg rentar og avdrag i størrelsesorden 1,1-1,2 mill i året om ein legg til grunn ei nedbetaling over 25 år.

Alternativ 1 medfører noko auka kostnadar knytt til det forhold at det tilbys barnehagetilbod i 4 einingar istadenfor 3. I det ligg det særleg tre forhold:

- Ledelsesressurs i 4 istadenfor 3 barnehagar. Auka kostnader totalt sett på dei kommunale barnehagane auker tilskotet til den private barnehagen.
- Pedagognormen er slik at når talet barn kjem over nokre grenseverdiar utløyser normen ekstra pedagogstilling. Fleire einingar gir moglegheit for at grenseverdiane kan bli nådd på fleire stadar slik at kostnadane aukar.

Økonomiske konsekvensar knytt til alternativ 2

Alternativ 2 inneber eit nybygg halvparten så stort som i alternativ 1. Kostnadane knytt til bygging og økonomisk konsekvens i resultatrekneskapen kan grovt sett halverast. 10 mill i byggekostnadene fører med seg ca 0,5-0,6 mill i årlege renter og avdrag. Arbeidsgruppa har her delt byggekostnadene knytt til ein barnehage med dobbelt storleik på to. Dette er truleg ein for lettvint måte å finne ein nøyaktig kostnad på. Kostnaden knytt til eit lite bygg er truleg større pr kvm enn eit større bygg.

Totalvurdering av dei to ulike hovedalternativa

Alternativ 1 legg opp til likeverdige tilbod bygningsmessig. Alternativet sikrar godt med kommunal barnehagekapasitet midt i kommunen der den største bustadtettleiken ligg. Barnehagen midt i bygda vil fortsatt vere tilgjengeleg med offentleg transport og i gåavstand frå byggefelta på midt. Alternativet gir forutsigbarhet på barnehagetilboden ved å ta inn over seg den risiko den private aktøren fører med seg med tanke på fremtidig langvarig drift. Alternativ 1 gjer foreldra god valfridom i tilgjengelegheit til barnehageplassar. Alternativ 1 inneber hensiksmessig storleik på barnehagane.

Alternativ 2 legg opp til likeverdig tilbod bygningsmessig i dei kommunale barnehageplassane. Den private aktøren har ikkje bygningsmessige forhold etter dagens standard. Alternativet har ein usikkerhet rundt seg om den private aktøren skulle legge ned sin virksomhet. Alternativ 2 er ein noko rimelegere struktur enn alternativ 1. Alternativ 2 fører med seg eit lågare tal barnehageplassar sentralt i kommunen i nærleiken av der dei fleste innbyggjarane bur. Alternativ 2 reduserar foreldra sin valfridom knytt til tilgang på barnehageplassar. Særleg alternativ 2a scorar lågt på talet brukarar som kan gå til barnehagen og på dei som ynskjer å nytte offentleg kommunikasjon.

Gjeldande for begge alternativ er at ein struktur med 4 einingar er dyrare økonomisk å drifta enn ein struktur med 3 einingar. Dette gjeld uavhengig av om barnehagane er kommunale eller private. Kostnadene knytt til barnehagedrift er i stor grad knytt til tal barn og den bemanning som normar set for den. Dette er normar som gjeld både kommunale og private barnehagar.

Barnehagane har i dag lang opningstid og ope 52 veker i året. Dette gjer stor grad av tilgjengelighet og fleksibilitet for brukarane av barnehagane. På den andre sida gir stor grad av fleksibilitet og tilgjengelighet lavere vaksentettleik i barnehaganes opningstid enn med ei kortare opningstid og andre ordningar i ferier og høgtidar. Arbeidsgruppa meiner at fleksibiliteten og tilgjengelegheten på nivå som i dag reduserer kvaliteten på barnehagetilboden ved at vaksentettleiken i periodane barna er i barnehagen vert redusert.

Arbeidsgruppa ser med bakgrunn i dei forhold som er nevnt i rapporten at hovudvurderingane fram i mot ein beslutning på struktur er knytt til følgjande forhold:

- barnehagetilboden midt i kommunen
- kostnadsmessige forhold opp i mot risikoen for ikkje å ha nok tilgjengelege barnehageplassar når det er behov for det

Oppsummering

Arbeidsgruppa har forsøkt å belyse forhold av betydning for å finne fram aktuelle alternativ for organisering og struktur på barnehagane i Øystre Slidre kommune. Oppsummert meiner arbeidsgruppa at Øystre Slidre kommune først må ta eit val knytt til strategi for dekking av behov barnehageplassar:

1. Kommunen sikrer tilstrekkeleg kapasitet for barnehageplassar ved å ha kommunale barnehagar som aleine dekkjer behovet.
2. Kommunen sikrer tilstrekkeleg kapasitet for barnehageplassar ved at summen av kapasitet på kommunen sine barnehagar og Heggebø barnehage saman dekker det totale behovet.

Deretter må kommunen ta stilling til løysingar innafor den valgte strategi. Hovedmomentet vil være val av løysing for barnehagetilbodet midt i kommunen.